

Informasjon til føresette og ungdommar om ungdataundersøkinga i Vågå 2021

I 2021 blir ungdataundersøkinga gjennomført i Vågå kommune blant elevar i 8.-10. klasse. Tidlegare har kommunen gjennomført undersøkinga i 2015, 2018 og 2020. For at undersøkinga skal gje eit godt bilete av situasjonen i Vågå, er det viktig at så mange som mogleg deltek. Undersøkinga går føre seg på skulen i løpet av veke 10 til 12.

FØREMÅLET MED UNDERSØKINGA

- Gje ungdommar ei moglegheit til å fortelje lokale politikarar og styresmakter om korleis det er å vekse opp i kommunen.
- Skaffe ny kunnskap om ungdommen sine oppvekstvilkår til bruk i kommunen sitt arbeid med denne aldersgruppa.
- Gjere det mogleg å samanlikne kommunen med andre kommunar og nasjonale tal, og bidra til forskning.

KVA VI SPØR OM I UNGDATA?

- Forhold til skulen, venner og foreldre
- Fritid og fritidsaktivitetar
- Helse, trivsel og livskvalitet
- Mobbing
- Regelbrot, vald og rus
- Utdanningsnivået til foreldra

Du kan få tilsendt det fullstendige spørjeskjemaet ved å kontakte regionalt kompetansesenter på rusfeltet (KoRus).

KORLEIS BLIR UNGDATA GJENNOMFØRT?

- Det er sett av éin skuletime til å svare på undersøkinga.
- Undersøkinga blir gjennomført elektronisk ved at ein loggar seg inn på svarsida til Ungdata med ein tilfeldig eingongskode.
- Elevane svarer ved å krysse av i spørjeskjemaet.
- Det er mogleg å få spørsmåla i spørjeskjemaet opplesne. Når denne funksjonen blir brukt, skal eleven nytte øyrefelefonar/øyreproppar.

PERSONVERN

- Undersøkinga er anonym, så det er ikkje mogleg å identifisere enkeltpersonar ut frå dei innsamla data.
- Det vil ikkje vere mogleg å kjenne att enkeltpersonar når resultatata frå undersøkinga blir offentleggjorde.

DET ER FRIVILLIG Å DELTA

- Undersøkinga er frivillig.
- Dei som svarer, kan hoppe over spørsmål dei ikkje ønskjer å svare på, og kan slutte å svare undervegs, dersom dei ønskjer det.
- Føresette kan reservere barnet sitt frå å delta ved å gi melding til kontaktlæraren/skulen.

BEREDSKAP

Skulehelsetenesta vil ha beredskap etter undersøkinga for elevar som måtte trenge det.

ANSVARLIG FOR UNDERSØKELSEN

Undersøkinga blir gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet og KoRus Øst, på oppdrag fra Vågå kommune.

KONTAKTINFORMASJON

Ungdatakoordinator i kommunen:

Helen Øygarden
rektor
Tlf: 91 19 41 30
helen.oygarden@vaga.kommune.no

Kontaktperson ved KoRus:

Jørn Danielsberg
spesialrådgjevar, KoRus Øst
Tlf: 99 03 84 64
jorn.danielsberg@sykehuset-innlandet.no